



STUDIEFORBUNDET  
KULTUR og TRADISJON

STUDIEFORBUNDET KULTUR OG TRADISJON

# ÅRSMELDING 2022

## LOV OM VOKSENOPPLÆRING (VOKSENOPPLÆRINGSLOVEN)

*§4. Overordnede mål for studieforbundenes opplæringsaktivitet*

**Studieforbundene skal drive sin opplæringsaktivitet på grunnlag av følgende overordnede mål:**

- a) Å bidra til å vedlikeholde og styrke demokratiet og legge grunnlag for bærekraftig utvikling ved å engasjere og utvikle aktive medborgere.
- b) Å gjøre det mulig for mennesker å påvirke egen livssituasjon.
- c) Å bekjempe utstøting og bidra til inkludering.
- d) Å bidra til motivasjon og tilgang til kunnskap og kompetanse for alle og slik møte behov i et samfunn og arbeidsliv i stadig endring.
- e) Å styrke kulturelt mangfold og øke deltagelse i kulturlivet.
- f) Å være en selvstendig arena for læring og et supplement til offentlige utdanningstilbud for voksne.

STUDIEFORBUNDET KULTUR OG TRADISJON

# ÅRSMELDING 2022

# INNHALD

<b>Innleiing</b>	6
<b>Kap. 1   Organisasjon</b>	8
<b>Kap. 2   Kvalitet/administrasjon</b>	10
<b>Kap. 3   Læring</b>	14
<b>Kap. 4   Formidling/politikk</b>	22
<b>Kap. 5   Statistikk</b>	24
<b>Rapportering til Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, HK-dir</b>	34
<b>Rekneskap</b>	38
<b>Balanse</b>	39
<b>Revisjonsmelding</b>	42

ÅRSMELDING 2022

UTGJEVE AV:  
Studieforbundet kultur og tradisjon

TEKST:  
Studieforbundet kultur og tradisjon

FOTO:  
Framsida: Mangletre i akantus frå elevarbeid på Hjerleid. Foto: Torunn E. Kveen.  
Øvrige: Studieforbundet kultur og tradisjon og medlemsorganisasjonar

DESIGN:  
Krible

TRYKK:  
Merkur Grafisk - produksjonen er klimanøytral, CO<sub>2</sub>-utslippet er kompensert



# INNLEIING

## ATTENDE I SPORET

2022 har vist at det er mogleg å reise kjerringa og få skuta attende på kurs. Dei siste åra har Studieforbundet kultur og tradisjon og medlemsorganisasjonane stått i store endringar og utfordringar med smittevern og pandemi på ein imponerende måte. Det aller meste som var nytt og annleis, er vorte imponerende fort innkøyrd og tilpassa. Vi køyrer på!

## NY KURS PORTAL

Også gjennom 2022 har det vært behov for fleire tilpassingar i Kursportalen for at systemet skal vera best mogleg skreddarsydd for studieforbunda. Dette har vore jobba godt med mellom studieforbunda og Voksenopplæringsforbundet opp mot leverandør, og systemet blir stadig betre og meir stabilt.

Gjennom hausten har Studieforbundet og Human-Etisk Forbund, som ny medlemsorganisasjon i Studieforbundet, jobba tett saman for at alle system skal kunne kommunisere best mogleg med kvarandre, og slik at kursa deira skal bli tilgjengelege i den opne statistikken vår. Etter litt plunder og noko strev, lykkast vi med dette til slutt.



Marit Jacobsen,  
Styreleiar

**Etter to år med strenge smittevernstiltak, stadige pauseknappar og nedstenging, har vi greidd å reise kjerringa**

## ÅPENT FOR ALLE

Kurs i lokallaga skal gjennom Åpent for alle vera eit fellesskap å vera del av, tilbod om eit nettverk å høyre til og gje relevant språktrening. Studieforbundet har i fleire år arbeidd med å leggje til rette for at kurs skal vera for alle, og at kurs i frivillige organisasjonar og skal vera ein reiskap for integrering. Gjennom Sparebankstiftelsen DNB og IMDI, Integrerings- og mangfoldsdirektoratet, har vi fått midlar til det treårige prosjektet Åpent for alle. 2022 var fyrste prosjektår, og arbeidet har fått ein svært god start. Medlemsorganisasjonane og lokallaga ser behovet, ynskjer å bidra, og ser moglegheitene prosjektet kan bidra med i form av midlar, støtte og bevisstgjerjing. Trass godt avspark og mange gjennomførte og planlagde kurs, er det framleis tre fylke som enda ikkje har gjennomført kurs knytt til prosjektet. Denne utfordringa blir jobba systematisk med vidare ut i prosjektperioden.

## FELLES KULTURSTRATEGI OG UTREDNING AV REGIONALT KULTURFOND

Kultur- og likestillingsdepartementet har varsla ein gjennomgang av rammene

for det frivillige kulturfeltet. Studieforbundet er svært glad for initiativet, og har kome med innspel mellom anna på utfordringar vi opplever med å gjera opplæringa vår tilgjengeleg for alle og inkluderande nok, om korleis tilskota er innretta, tilgang på tilrettelagte arenaer å ha kursa i og samspelet profesjonelle og frivillig. Vi fylgjer arbeidet tett.

## STATSTILSKOTET VIDAREFØRT MED PRISJUSTERING

Statstilskotet til studieforbunda vart som forventa prisjustert i Statsbudsjettet for 2022. Det er vi svært glade for. At grunntilskotet ikkje blir prisjustert, gjer det likevel krevjande for oss. Vi vil gjerne rose regjeringa som i 2020 og 2021 heldt oppe tilskotet, trass at det var lågare aktivitet i studieforbunda. Det gjorde det mogleg for oss å gjeva motivasjonstilskot til regionale og nasjonale samlingar i 2022, som vi meiner har hatt stor innverknad på arbeidet med å få opp att kursverksemda i medlemsmassen vår.

## VI HAR REIST KJERRINGA

Etter to år med strenge smittevernstiltak, stadige pauseknappar og nedstenging, har vi greidd å reise kjerringa. Studieforbundet var raskt

på banen med bruk av digitale verktøy og opplevde tettare kontakt og samarbeid både med lokallag, region- og fylkesledd og med medlemsorganisasjonane våre. Treffpunkta vart oftare, og sakene fleire. Med digitale ferdigheiter som satsingsområde, har vi alle løfta oss teknisk og er komfortable med å ha møte og kurs på digitale plattformer. Dette er eit viktig bidrag for å oppretthalde mest mogleg av den vanlege kursverksemda, og ein betydeleg del av nøkkelen bak at vi har greidd å hente

opp att kursverksemda såpass som vi har. Studieforbundet er snart attende på same nivå med mengde kurs og kurstimar som før pandemien og kursarrangørar og lokallag har vist stor vilje til tilpassing, har bretta opp ermene og kome utfordringane i møte. Vi rettar all ære og applaus til imponerende tilpassingsdyktige og driftige lokallag, til medlemsorganisasjonar, eldsjeler, tillitsvalde og kurslærarar for kreativitet og pågangsmot.

Ein av medarbeidarane i Studieforbundet gjennom mange år, Bjørg Schultz, gjekk

av med pensjon i slutten av 2022. Vi takkar henne for stor innsats, varm entusiasme, klokskap, effektivitet, pågangsmot og særlig evne til å inkludere, både ute i organisasjonane og innfor i Studieforbundet.

På vegner av styret takkar eg også alle dei tilsette i Studieforbundet som kvar dag gjer eit arbeid som betyr så mykje for så mange.

Marit Jacobsen, styreleiar



Kap. 1

# ORGANISASJON

## MEDLEMS-ORGANISASJONAR

### Fram til 28.11.22

- › Folkeakademiernes Landsforbund
- › Forbundet KYSTEN
- › Frilynt Norge
- › Human-Etisk Forbund
- › Hålogaland Amatørteaterselskap (HATS)
- › Landslaget for lokalhistorie
- › Nettverk for regionale teaterråd
- › Noregs Mållag
- › Noregs Ungdomslag
- › Norges Bygdekvinneleg
- › Norsk Amatørteaterforbund
- › Norsk Quilteforbund
- › Seniordans Norge
- › Slekt og Data
- › Stiftelsen Norsk Kulturarv
- › Vestlandske Teatersenter

## ORGANISASJONAR MED SAMARBEIDSAVTALE

- › Båtlaget Braute
- › Fantasiforbundet
- › Forbundet for Norske Museumsvenner
- › Foreningen for Norske Historiske Festivaler
- › Fortidsminneforeningen
- › Håleyg vikingmarked
- › Knipleforeningen i Norge
- › Lofoten Vikinglag
- › MEMOAR

- › Møre frie vikingar
- › Nordfjord Vikinglag
- › Norges Linforening
- › Norges museumsforbund
- › Norske historiske spel
- › Norske kveners forbund
- › Norsk Filatelistforbund
- › Norsk Folkedraktforum
- › Norsk Forening for Fartøyvern
- › Norsk Selskap For Fotografi
- › Norsk Tangoforbund
- › Numedal Middelaldersenter
- › Organisasjonen Landsbyen
- › Organisasjon for Scenekjempere i Norge
- › Oseberg tekstilgruppe
- › Oslo amatørbyggerlaug
- › Vestnorsk kulturakademi
- › Yddir Vikinglag

## MEDLEMS-ORGANISASJONAR FRÅ OG MED 28.11.22

### Etter endringar i vedtektene\*

- › Båtlaget Braute
- › Folkeakademiernes Landsforbund
- › Forbundet for Norske Museumsvenner
- › Forbundet KYSTEN
- › Fortidsminneforeningen
- › Frilynt Norge
- › Human-Etisk Forbund
- › Hålogaland Amatørteaterselskap (HATS)
- › Knipleforeningen i Norge

- › Landslaget for lokalhistorie
- › MEMOAR
- › Møre frie vikingar
- › Nettverk for regionale teaterråd
- › Noregs Mållag
- › Noregs Ungdomslag
- › Norges bygdekvinneleg
- › Norges Husflidslag
- › Norges Linforening
- › Norsk Amatørteaterforbund
- › Norsk Filatelistforbund
- › Norsk Folkedraktforum
- › Norsk Quilteforbund
- › Norsk Selskap For Fotografi
- › Norsk Tangoforbund
- › Norske historiske spel
- › Norske kveners forbund
- › Numedal Middelaldersenter
- › Seniordans Norge
- › Slekt og Data
- › Stiftelsen Norsk Kulturarv
- › Vestlandske Teatersenter
- › Vestnorsk kulturakademi
- › Yddir Vikinglag

\*Styret i Studieforbundet kalla inn til ekstraordinært årsmøte 28. november 2022 for å behandle vedtektsendring og opptak av nye medlemsorganisasjonar. Bakgrunnen var pålegg frå Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse, HK-dir, om at alle organisasjonar som mottek tilskot, skal ha demokratiske

rettar. Studieforbundet kultur og tradisjon hadde 29 organisasjonar med samarbeidsavtale som gav moglegheit til å søke kursstøtte, men ikkje ha stemmerett på årsmøta. Det ekstraordinære årsmøtet vedtok difor endringar i vedtektene slik at alle regionale og nasjonale organisasjonar som hadde samarbeidsavtale fekk tilbod om og moglegheiter til å bli medlemsorganisasjonar.

## TILSETTE

Administrasjonen i Studieforbundet hadde ved utgangen av 2022 sju tilsette på 5,8 årsverk.

- › Kjærsti Gangsø, dagleg leiar
- › Tone Heskestad
- › Linda Aaboen
- › Torunn Elise Kveen
- › Liv Skogstad Mikalsen
- › Bjørg Schultz
- › Kristin Teigen Stasviken

## STYRET

### Styret fram til 30.05.22

Marit Jacobsen NORGES HUSFLIDSLAG	leiar
Kai Roger Vatne NOREGS UNGDOMSLAG	nestleiar
Jorun Henriksen NORGES BYGDEKVINNELAG	styremedlem
Anne Lise Olsen NORSK AMATØRTEATERFORBUND	styremedlem
Marit Mørtzell FORBUNDET KYSTEN	styremedlem
Joachim Svendsrød FRILYNT NORGE	styremedlem
Hanna Sønsteby FOLKEAKADEMIENES LANDSFORBUND	styremedlem
Per Haarr SENIORDANS NORGE	1. varamedlem
Linda Thiis NORGES HUSFLIDSLAG	2. varamedlem

### Styret etter 30.05.2022

Marit Jacobsen NORGES HUSFLIDSLAG	leiar
Magni Hjertenes Flyum NOREGS UNGDOMSLAG	nestleiar
Jorun Henriksen NORGES BYGDEKVINNELAG	styremedlem
Marit Mørtzell FORBUNDET KYSTEN	styremedlem
Joachim Svendsrød FRILYNT NORGE	styremedlem
Hanna Sønsteby FOLKEAKADEMIENES LANDSFORBUND	styremedlem
Hege Winje HUMAN-ETISK FORBUND	styremedlem
Rønnaug Ust SENIORDANS NORGE	1. varamedlem
Reidunn Lien Hørgen NORGES HUSFLIDSLAG	2. varamedlem



Kap. 2

# KVALITET

## UTBETALING AV KURSTILSKOT

Studieforbundet har ansvar for søknadar og utbetaling av tilskot til kurs og opplæring i alle ledd i medlemsorganisasjonane. Tilskotssatsane for 2022 var:

- › kr. 115,- for timar med lærar
- › kr. 50,- for timar utan lærar
- › minstesum (for kurs utan dokumenterte utgifter): k.r 500,- for kurs meir enn 10 timar, kr. 50,- pr. time for kurs under 10 timar.

Studieforbundet gjev ulik kursstøtte til timar med og utan lærar, fordi kurstimar med lærar er meir kostnads-krevjande. Kurstimar utan lærar blir rekna som ein viktig læringsarena, men erfaringa viser lågare kostnader.

Opplæring og informasjon til kursarrangørar om kurs og tilskotsreglar, er ein viktig del av arbeidet på kontoret.

## KOMPETANSE-HEVINGSTILSKOT

Kompetansehevingstilskot skal styrke det faglege og pedagogiske arbeidet i medlemsorganisasjonane. Tilskotet er lite byråkratisk og fordeler ressursar slik at medlemsorganisasjonane er i stand til å ta fagansvar i eigen organisasjon. Tilskotet er gjeve medlemsorganisasjonar,

men ikkje til organisasjonar som har samarbeidsavtale. Fordelingsnøkkel er gjennomførte kurstimar med statstilskot siste to år. Det blir ikkje kravd rekneskap for tilskotet, men organisasjonane må akseptere tildelingsbrev med desse kriteria;

- › Organisasjonen må ha informasjon om Studieforbundet på eiga nettside
- › Organisasjonen må ha informasjon i eiga årsmelding om Studieforbundet, eiga kursverksemd, kompetansehevingstilskot og korleis tilskotet er brukt.

### Fordelinga var slik:

	2022	2021	2020
Norges Husflidslag	521347	503790	504587
Frilynt Norge	296591	259364	222425
Human-Etisk Forbund	167974	0	0
Seniordans Norge	166552	191713	195734
Noregs Ungdomslag	115713	131640	130913
Norsk Amatørteaterforbund	73838	91634	90241
Forbundet KYSTEN	43452	40042	38130
Nettverket for regionale teaterråd	37969	0	0
Norges Bygdekvinneleg	20373	21273	24149
Stiftelsen Norsk Kulturarv	13746	12238	12710
Hålogaland Amatørteaterselskap	12095		
Folkeakademiens Landsforbund	6133	8509	8897
Slekt og Data	6023	7610	6355
Norsk Quilteforbund	4079	3944	5084
Landslaget for lokalhistorie	3462	3534	3813
Noregs Mållag	3122	2249	1271
Vestlandske Teatersenter	0	6806	5084
<b>Sum</b>	<b>1 494 469</b>	<b>1 309 557</b>	<b>1 249 39</b>

TILSKOT BLIR IKKJE UTBETALT  
UTAN AKSEPT FRÅ ORGANISASJONEN.

Kompetansehevingstilskotet 2022 er utrekna frå kurstimar i 2019 og 2020.

## MOTIVASJONSTILSKOT

For å stimulere organisasjonane og fylkesledd/fylkeslag til å halde på entusiasmen, innførte Studieforbundet motivasjonstilskot. Det kunne søkast til regionale eller nasjonale motivasjonstiltak i medlemsorganisasjonane sine region- og sentralledd.

Alle slike samlingar måtte følge Voksenopplæringsloven, med minst 4 kurstimar og minimum 4 deltakarar.

ORGANISASJON	KURS
Folkeakademiens landsforbund	7
Forbundet KYSTEN	2
Frilynt Norge	8
Memoar	2
Noregs Mållag	5
Noregs Ungdomslag	9
Norges Bygdekvinneleg	17
Norges Husflidslag	39
Seniordans Norge	15
Studieforbundets fylkesledd	4
Slekt og Data	3
<b>Sum</b>	<b>111</b>

Digitale motivasjonssamlingar kunne få inntil kr. 3 000,- i motivasjonstilskot. Fysiske motivasjonssamlingar kunne få inntil kr. 20 000,- i motivasjonstilskot. Nokre digitale kurs som hadde ekstra kostnader fekk inntil kr. 10 000,- i støtte.

Det var utbetalt kr. 1 992 011,- i tilskot til 111 kurs med 2 212 deltakarar. Det var gjennomført motivasjonskurs i alle fylke.

## KURSPORTALEN

Kursportalen vart teke i bruk ved årsskiftet 2020–2021. Også gjennom 2022 har det vore behov for fleire tilpassingar i Kursportalen for at systemet skal vera best mogleg skreddarsydd studieforbunda.

Dette har vore jobba godt med mellom studieforbunda og Voksenopplæringsforbundet (Vofo) opp mot leverandør. Attendemelding frå brukarane ute har vore viktig i denne prosessen, der systemet blir stadig betre og meir stabilt. Arbeidsgruppa består av faste representantar frå dei ulike studieforbunda som nyttar Kursportalen og ein fast representant frå Vofo med direkte kontakt med leverandør av systemet.

Gjennom hausten har Studieforbundet, Vofo og Human-Etisk Forbund jobba tett saman for at alle system skal kunne kommunisere best mogleg med kvarandre, slik at

kursa deira skal bli tilgjengelege i den opne statistikken vår. Vi lykkast med dette til slutt.

## FELLES AVTALER

Gjennom Vofo har Studieforbundet avtale med Kopinor som gjev alle kursarrangørar rett til fri kopiering av beskytta materiale til bruk på kurs. Studieforbundet har og forsikringsavtale som sikrar alle kurslærarar på kurs med statstilskot, om noko skulle inntreffe.

## STUDIEPLANAR

Studieplanane våre er bygde opp etter ei matrise, der kvart emne har fleire studieplanar, men med ulikt timetal. Timetalet er tilpassa læringsmål og innhald. Det er kontinuerleg vurdert kor detaljerte studieplanane skal vera, og kor mange det er behov for. Også i 2022 vart det utarbeidd fleire nye studieplanar, både fordi det er nye organisasjonar med nye kursemne, men og fordi det er fornuftig i ein del samanhengar å ha meir spesialiserte studieplanar.



### INTERNKONTROLL

*Lag/kurs vi har teke ut til internkontroll i 2022:*

Studieforbundet er plikta å kontrollere at tilskotet blir brukt slik formålet blir uttrykt i Voksenopplæringsloven. Kulturdepartementets revisjonsinstruks stiller krav til korleis kontrollen skal gå føre seg. Det blir jamleg gjennomført stikkprøvekontrollar. 60 kurs fordelt på 35 lag. Innsendt dokumentasjon frå laga er funne i orden.

### Norges Husflidslag

Fredrikstad Husflidslag  
Gjøvik Husflidslag  
Grende Husflidslag  
Indre Østfold Husflidslag  
Nord-Karmøy Husflidslag  
Sandnes Husflidslag  
Ørskog og Skodje Husflidslag  
2 kurs på kvart lag,  
totalt 14 kurs

### Noregs Ungdomslag

Bagabu Ungdomslag  
Lakselv Ungdomslag  
Skogn Ungdomslag  
2 kurs på kvart lag,  
totalt 6 kurs

### Seniordans Norge

Bø Seniordans  
Fauske Seniordans  
Frøya Seniordans  
Grong Seniordans  
Hedmark Seniordans  
Rennebu Seniordans  
Saupstadringen  
1 kurs på kvart lag, totalt 7 kurs

### Norsk Amatørteaterforbund

Bjørnørfolket  
Musikkteateret Vill  
Fantefølge  
Stemme kraft  
2 kurs på kvart lag,  
totalt 8 kurs

### Frilynt Norge

Blindernrevyen  
Emil og Smørekoppen  
Foreningen Amalie Skram  
Fossrevyen  
Nadderudrevyen  
Omegarevyen  
Per Gynt Teaterlag  
Snilerevyen  
Vestfold Frie Filmere  
2 kurs på kvart lag,  
totalt 18 kurs

### Norges Bygdekvinnelag

Møre og Romsdal  
Bygdekvinnelag  
Vest Agder Bygdekvinnelag  
1 kurs på kvart lag,  
totalt 2 kurs

### Folkeakademiens Landsforbund

Folkeakademiet Innlandet  
Folkeakademiet Hordaland  
1 kurs på kvart lag, totalt 2 kurs

### Knipleforeningen i Norge

3 kurs



### Kap. 3

# LÆRING

#### STATISTIKK

Kursmengda i 2021 låg på om lag 30 % under eit normalår. Grunna den lågare kursverksemda, vart det overført 5 665 127 kroner av opplæringstilskotet til 2022. I 2022 er Studieforbundet snart attende på same nivå med mengde kurs og kurstimar som før pandemien, og kursarrangørar og lokallag har vist stor vilje til tilpassing og å kome utfordringane i møte. I 2022 kan vi skilte med 6 434 kurs med til saman 77 000 registrerte og 55 000 teljande deltakarar.

#### Emnestatistikk

	KURS	TIMAR	DELTAKARAR
Tekstil	2 243	58 820	14 115
Dans	1 056	30 791	12 420
Teater, revy og drama	617	45 208	4 648
Tre	383	10 113	2 351
Kyst, båt	78	3 015	483
Tradisjonsmat	204	2 314	1 358
Metall	120	2 987	656
Organisasjon	90	953	1 298
Livssyn, filosofi	950	22 155	12 951
Andre handverksfag	349	6 286	2 256
Musikk	78	3 063	688
Slektsforskning, historie	130	2 042	1 005
Anna	136	3 132	1 007
<b>Sum</b>	<b>6 434</b>	<b>190 879</b>	<b>55 236</b>

#### Kurstimar fordelt på organisasjon

	2020	2021	2022
Norges Husflidslag	45 893	44 222	62 705
Noregs Ungdomslag	8 306	6 186	13 472
Hålogaland Amatørteaterselskap	3 657	3 838	594
Forbundet Kysten	856	804	4 165
Noregs Mållag	276	240	408
Landslaget for Lokalhistorie	286	94	290
Vestlandske Teatersenter	375	1 426	983
Slekt og Data	345	484	1 042
Norges Linforening	40	0	4
Norsk Amatørteaterforbund	5 780	7 450	18 199
Norsk Selskap for Fotografi			15
Stiftelsen Norsk Kulturarv	1 340	1 412	1 413
Norsk Quilteforbund	355	321	1 006
Stiftinga Vestnorsk Kulturakademi	66	156	178
Vikingslaga	620	721	823
Båtlaget Braute	24	331	519
Fortidsminneforeningen	395	519	756
Seniordans Norge	11 238	8 693	16 916
Forbundet for Norske Museumsvenner	8	116	159
Frilynt Norge	26 416	20 507	32 075
Norsk Folkedraktforum	209	595	558
Knipleforeningen i Norge	74	254	226
Folkeakademienes Landsforbund	237	295	1 095
Memoar			44
Nettverk for Regionale Teaterråd	3 637	3 188	3 456
Norske Historiske Spel	16	1 049	599
Norges Bygdekvinnelag	1 998	2 370	5 878
Human-Etisk Forbund		18 449	21 933
Norges Tangoforbund		55	42
Norsk Filatelistforening		10	
Studieforbundet kultur og tradisjon	599	769	1 326
<b>Sum</b>	<b>113 046</b>	<b>124 554</b>	<b>190 879</b>

#### Kurstimar fordelt på fylke

	2020	2021	2022
Svalbard			20
Troms og Finnmark	4 295	4 569	7 182
Nordland	4 460	4 810	8 016
Trøndelag	12 937	16 011	28 906
Møre og Romsdal	3 873	3 899	6 994
Vestland	9 986	10 473	16 088
Rogaland	5 046	4 739	9 398
Agder	6 686	6 397	10 454
Vestfold og Telemark	14 938	12 150	22 280
Innlandet	13 932	14 047	20 681
Oslo	6 334	4 394	11 833
Viken	30 559	24 782	49 027
<b>Sum</b>	<b>113 046</b>	<b>124 554</b>	<b>190 879</b>



### Kurs med digitale timar

Voksenopplæringsloven gjev ikkje høve til å halde heildigitale kurs, minst halvparten av timane skal vere fysiske. Under Covid-19 vart det gjeve unntak frå forskrift og både laga og medlemsorganisasjonane fann gode løysingar for heildigitale opplegg. I 2021 vart det gjennomført 2 191 digitale kurstimar, mens vi i 2022 rapporterer 487 digitale kurstimar. Hausten 2022 kom det framlegg frå Kultur- og likestillingsdepartementet om å endre forskrifta å opne for heildigitale kurs. Dette er ei endring Studieforbundet støttar opp om.

I desse organisasjonane er det gjennomført kurs med digitale timar: Fortidsminneforeningen, Frilynt Norge, Knipleforeningen i Norge, Memoar, Noregs Ungdomslag, Norsk Amatørteaterforbund, Norges Bygdekvinneleg, Norges Husflidslag, Seniordans Norge, Slekt og Data, Vestlandske Teatersenter og Studieforbundet kultur og tradisjon.

### Nøkkeltal

	2018	2019	2020	2021	2022
Kommunar	334	335	283	284	297
Arrangørar	1 005	978	898	804	1 081
Kurs	5 129	5 125	4 040	4 205	6 434
Deltakarar	39 807	39 931	29 749	39 425	55 231

### KURSARRANGØR- OPPLÆRING

Studieforbundet driv utstrekkt opplæring av kursarrangørar. Tilsette deltek på møtearenaer i medlemsorganisasjonane og fylkesledda på førespurnad, og på eige initiativ. Det er aukande spørsmål om deltaking, og stadig fleire oppdrag blir gjennomført digitalt. I 2022 deltok Studieforbundet på 23 samlingar med meir enn 700 deltakarar, av desse var 5 digitale.

### KURSLÆRAR- OPPLÆRING

Medlemsorganisasjonane gjennomfører i ulik grad kurslæropplæring i lokallaga sine. Tidvis deltek Studieforbundet på denne opplæringa, og tidvis held Studieforbundet eigne kurs i organisasjonane. Nytt av 2022 er at Studieforbundet er i ein prosess med å utvikle eit digitalt kurslærarkurs med vekt på didaktikk.

Studieforbundet gjennomførte ei kurslærarundersøking i 2022, med 17 spørsmål som omhandla organisasjonstil-hørslø, kursmengde, fagområde, kompetanse og ønske om kompetanseheving. Undersøkinga henta inn 361 svar, av desse var 79 % kvinner og 21 % menn. Av desse var 63,5 % over 60 år og 78 % over 50 år. Undersøkinga viste at langt dei fleste hadde halde kurs i seks år eller meir, bortimot halvparten innanfor kategorien handverksfag, elles rundt 30 % i dans og rundt 11 % i teater.

Trass at undersøkinga kom i kjølvatnet av ein pandemi som hadde vart over to år, svarar over 75 % at dei har halde seks kurs eller meir dei siste fem åra. Respondentane viser til mangel på tid som grunnlag for at dei ikkje har halde enda fleire kurs. Berre rundt 20 % ynskte seg kompetanseheving, og da innanfor eige fagfelt eller pedagogikk.

### BUNADOPPLÆRINGA

Bunadopplæringa er ei kursrekke på seks modular, og ein tilleggsmodul, som følgjer læreplanen i bunadtilverkarfaget Vg3/opplæring i bedrift. Bunadopplæringa er eit samarbeid mellom Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag, Norsk Folke-draktforum og Studieforbundet. Kursrekka kan inngå som ein del av grunnlaget for å gå opp som praksiskandidat og ta sveinebrev.

Modulane har vore arrangert på Raulandsakademiet i Rauland og Norsk institutt for bunad og folkedrakt på Fagernes, med kurslærarane Joar Vaagø, Mona Løktung, Hanne Beate Thomsen, Anny Strand, Hege- Therese Nilsen, Barbro T. Storlien, Inger Petersen og Torild A. Fossnes.

### I 2022 er følgjande ni modular gjennomførte:

#### Kursrekke 2019–2022, 3 år

- › **Modul 5:** Saum i mannsbunad og innføring i tilpassing, 11 deltakarar
- › **Modul 6:** Saum i kvinnebunad og innføring i tilpassing, 8 deltakarar

#### Kursrekke 2020–2023, 3 år

- › **Modul 3:** Sting, saum og brodering, 12 deltakarar
- › **Modul 4:** Skjorte og linsaum, 19 deltakarar

#### Kursrekke 2020–2023, 3 år

- › **Modul 2:** Drakthistorie og bindingslære, 16 deltakarar

#### Kursrekke 2022–2025, 3 år

- › **Modul 1:** Introduksjon til bunadtilverkarfaget, 8 deltakarar

#### Kursrekke 2021–2022 intensiv, 1 ½ år

- › **Modul 3:** Sting, saum og brodering, 18 deltakarar
- › **Modul 4:** Skjorte og linsaum, 13 deltakarar
- › **Modul 5:** Saum i mannsbunad og innføring i tilpassing, 17 deltakarar

#### Kursrekke 2022–2024 intensiv, 1 ½ år

- › **Modul 1:** Introduksjon til bunadtilverkarfaget, 21 deltakarar

#### Tilleggsmodular

- › Mønsteravtak og gradering, 9 deltakarar

### VEVOPPLÆRINGA

Vevopplæringa er ei kursrekke på sju modular og ein tilleggsmodul som følgjer læreplanen i handvevarfaget Vg3/opplæring i bedrift. Vevopplæringa er eit samarbeid mellom Norges Husflidslag og Studieforbundet. Kursrekka går over tre år, og kan inngå som ein del av grunnlaget for å gå opp som praksiskandidat og ta sveinebrev. Modulane har vore arrangert i vevsalen til Rauland Husflidslag i Dyre Vaa-bygget, med kurslærarane Rita Vistad og Eli Wendelbo. Hilde Opedal Nordby har vore kurslærar på dei digitale samlingane.

### I 2022 er følgjande tre modular gjennomførte:

#### Kursrekke 2018–2022

- › **Modul 7:** Bindetråds-teknikkar/dobbeltsidige bindingar, 5 deltakarar

#### Kursrekke 2020–2023

- › **Modul 3:** Kypert- og kypert-variantar, 7 deltakarar
- › **Modul 4:** saten og dreiel, 7 deltakarar

#### Kursrekke 2021–2024

- › **Modul 2:** Lerret- og lerretsvariantar, 9 deltakarar
- › **Modul 3:** Kypert- og kypert-variantar, 6 deltakarar

#### Kursrekke 2022–2025

- › **Modul 1:** Moglegheiter i vev-ven – innføring, 6 deltakarar

#### Tilleggsmodular

- › Digital samling i vev-teori og bindingslære, 12 deltakarar
- › Digital samling i WeavePoint, 11 deltakarar

#### Kurslærarsamling

- › Bunadopplæringa og Vevopplæringa, 12 deltakarar

### TREBÅTBYGGAR

Trebåtbyggjar er ei kursrekke på sju modular som går over tre år, og er eit samarbeid mellom Forbundet KYSTEN og Studieforbundet. Kursrekka bygger på læreplanen for trebåtbyggjarfaget Vg3/opp-læring i bedrift, og kan inngå som ein del av grunnlaget for å gå opp som praksiskandidat og ta sveinebrevet. Opplæringa legg vekt praktisk arbeid med materialar, verktøy og teknikkar, samt utvikling av handverksferdigheter. Det blir veksla mellom tre ulike kurstadar; Museet Kystens

## TRE- seminaret

Arv i Stadsbygd, Risør  
Trebåtbyggjer i Risør og  
Hardanger Fartøyvernssenter  
i Norheimsund. Båtbyggjarar  
frå dei ulike kursstadane er  
kurslærarar.

### I 2022 er følgjande modular gjennomførte:

- › **Modul 4:** Bjelkelag og dekk, 4 deltakarar
- › **Modul 5:** Utstikking av hudplank og tetting av skrog, 3 deltakarar

Grunna låg påmelding er kursrekka oppe til vurdering. Dei siste modulane i påbegynt kursrekke blir ikkje utlyst.

### TRESEMINARET 2022

TREseminaret blir arrangert på Hjerleid, Dovre i Innlandet fylke, og tilbyr kurs som formidlar tradisjon, teknikk og kunnskap om tre og tradisjonshandverk. TREseminaret er eit samarbeid mellom Handverksskolen AS, Norges Husflidslag, Senter for bygdekultur AS og Studieforbundet kultur og tradisjon. Seminaret blir halde i veke 17 kvart år.

TREseminaret vart endeleg gjennomført att, etter 2 år med planleggingsarbeid, men avlysing tett inntil grunna smittevern og pandemi. Seminaret er sett på som ein viktig og solid opplæringsarena og 2022 hadde stor påmelding trass redusert kursplassar, færre kurs og nedskalert seminar. Det vart ikkje invitert inn byggfagelevar frå vidaregåande skular, heller ikkje elevar frå grunnskulane i området. Barnas

TREseminar hadde 6 påmeldte og 75 påmeldte til dei ordinære kursa. Sidan vi ikkje inviterte byggfagelevar, ga vi tilbod om gratis kursplass for lærlingar og elevar i vidaregåande skule i nærområdet. Lærarane var Gjermond Andersen, Jon Bojer Godal, Steinar Moldal, Michael Karlsen, Svenn-Tore Sætrom, Robert Wiik, Hege Iren Aasdal, Samson Øvstebø, Reinhold Conrad, Haakon Aase og Arild Larsen.

I 2022 er følgjande tre modular gjennomførte:

- › **Nytt skogbruk!**, 34 deltakarar
- › **Smiing**, 8 deltakarar
- › **Møbelsnekring**, 7 deltakarar
- › **Fletting av aktarkorg frå Vågå**, 9 deltakarar
- › **Tredreiing**, 5 deltakarar
- › **Tørrmuring**, 12 deltakarar
- › **Barnas TREseminar**, 10 deltakarar

Nytt frå 2022 var at Fortidsminneforeningen delte ut stipendiat i november, slik at det skulle vera mogleg å søke kursplass på TREseminaret i god tid. 8 stipendiatar meldte seg på det 16. TREseminaret, der årets tema var *Kurs med bærekraftig TREsmak*.

## DRAMAS

Dramas er ei teneste som formidlar manus til lesing, behandlar søknadar om speleløyvingar og utbetalar royalties til eigarar. Målgruppa er amatørteatergrupper og skular/kulturskular i Norge. Dramas er organisert som ein frivillig organisasjon

og mottar statstøtte frå Kulturdepartementet. Studieforbundet er medlem saman med Frilynt Norge, Noregs Ungdomslag og Norsk Amatørteaterforbund.

## SCENEROM - KURS I REGI OG TEATER-PRODUKSJON

Studieforbundet har, saman med Frilynt Norge, Noregs Ungdomslag og Norsk Amatørteaterforbund utvikla ei instruktør opplæring for amatørteater. Studieforbundet var prosjektleiar fram til 2019.

I 2021 greidde vi å få Scenerom på føtene att etter pandemi og andre hindringar,

denne gongen med Frilynt Norge som prosjektleiar og Studieforbundet som samarbeidspart og medarrangør saman med Noregs Ungdomslag og Norsk Amatørteaterforbund.

2 modular vart gjennomførte i 2021, modul 3 og 4 vart gjennomførte i mars og april 2022. Instruktørar har vore Heljar Berge og Juliane Husvik Sukkestad.

Grunna manglande respons og låg påmelding, vart det hausten 2022 bestemt å ikkje vidareføre kurset.

### Tilrettelegging fordelt på organisasjon

ORGANISASJON	KURS	TIMAR	DELTAKARAR	TILSKOT
Forbundet KYSTEN	3	84	15	8 480
Seniordans Norge	13	389	62	50 526
Norges Husflidslag	21	477	87	99 280
Norges Bygdekvinneleg	20	210	84	15 299
Norsk Amatørteaterforbund	41	2910	224	283 603
Noregs Mållag	15	222	149	71 620
Studieforbundet kultur og tradisjon	18	553	125	62 560
Folkeakademiens Landsforbund	3	18	3	3 290
Noregs Ungdomslag	1	13	9	4 149
Nettverket for regionale teaterråd	1	60	10	18 000
<b>Sum</b>	<b>136</b>	<b>4 936</b>	<b>768</b>	<b>616 807</b>

### Tilrettelegging fordelt på fylke

FYLKE	KURS	TIMAR	DELTAKARAR	TILSKOT
Agder	3	84	15	7 253
Innlandet	16	420	87	59 866
Møre og Romsdal	18	266	173	76 105
Nordland	6	221	26	6 700
Oslo	1	8	8	920
Rogaland	5	49	30	7 254
Troms og Finnmark	3	110	7	13 858
Trøndelag	46	2 854	225	282 587
Vestfold og Telemark	5	91	18	39 919
Vestland	6	106	18	11 270
Viken	27	727	161	111 075
<b>Sum</b>	<b>136</b>	<b>4 936</b>	<b>768</b>	<b>616 807</b>



FAGDAGANE I BUNAD OG FOLKEDRAKT.  
FOTO: NU/STUDIEFORBUNDET

## FAGDAGANE I BUNAD OG FOLKEDRAKT

Fagdagan i bunad og folkedrakt er eit samarbeid mellom Noregs Ungdomslag, Norges Husflidslag, Norsk Folkedraktforum, Norsk institutt for bunad og folkedrakt og Studieforbundet kultur og tradisjon. Fagdagan vart arrangert på Fagernes 12.–13. september med tema «Hvordan er bunaden mer bærekraftig enn andre klær i garderoben?» 114 deltok, frå Studieforbundet deltok Kjærsti Gangsø, Linda Aaboen og Torunn Elise Kveen.

## BUNAD OG BÆREKRAFT

Bunad og berekraft er eit opplæringsprogram for bunadtilverkarar/tekstilhandverkarar. Målet er at deltakarane gjennom samlingane skal sikre næringsgrunnlaget i eiga bedrift. Skåppå Kunnskapspark fekk tilskot frå Norsk Kulturråd og Studieforbundet er engasjert til å vera prosjektleiar, der Linda Aaboen har ansvar for gjennomføring. Tidlegare bedriftsrådgjevarar, Dag Lindvig og Harald Granrud er engasjert for den bedrifts-

faglege delen. Prosjektet blir gjennomført i samarbeid med Norges Husflidslag og Noregs Ungdomslag. Den siste og tredje samlinga vart gjennomført vinteren 2022 med 7 deltakarar.

## HJERLEID HANDVERKSSKOLE AS

Studieforbundet og Stiftelsen Norsk Kulturarv eig Hjerleid Handverksskole AS, som ligg i Dovre kommune i Innlandet fylke. Studieforbundet eig 33,3 % av aksjane. Hjerleid er ein vidaregåande skule godkjent etter Privatskuleloven.

*Hjerleid Handverksskole er i utvikling og har hatt desse tilboda skuleåret 2021/2022 og 2022/2023*

- › Vg2 Design og trearbeid med vekt på treskjering
- › Vg2 Smed
- › Vg2 Byggeteknikk, med vekt på tradisjonsbygging
- › Vg2 Overflateteknikk med vekt på tradisjonelle teknikkar
- › Vg1 handverk, design og produktutvikling

- › Vg2 Tekstil og design med vekt på tradisjonelle teknikkar
- › Vg3 Treskjerar

Kvar klasse har godkjenning for å ta inn 15 elevar. Skulen har samla høve til å ta inn 30 vaksne elevar utan rett.

Studieforbundets representantar i formelle organ frå årsmøtet vår 2022 er Kjærsti Gangsø som styreleiar og Barbro Storlien som styremedlem. Bjørg Schultz var leiar i valkomiteen.

## TILRETTELEGGINGS-TILSKOT

Tilretteleggingstilskot, TRT, er eit tilskot frå Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, HK-dir, som skal brukast til å dekke meirkostnader når deltakar(ar) har bruk for ekstra tilrettelegging. For å kunne dekke utgifter som ikkje blir dekte frå Kompetanse Norge, søker Studieforbundet også støtte frå blant andre IMDI. Studieforbundet fekk kr. 497 712,- i tilretteleggingstilskot frå HK-dir. Kr. 103 204,- er overført til 2023.

## INKLUDERING

Studieforbundet har i fleire år arbeidd med å leggje til rette for at kurs skal vera for alle, og at kurs i frivillige organisasjonar og skal vera ein reiskap for integrering. SKT har som mål at kursa skal bli meir inkluderande, samt nå ei meir mangfaldig målgruppe. Dette krev tilrettelegging både økonomisk og organisatorisk. Studieforbundet søkte støtte gjennom Sparebankstiftelsen DNB og Integrerings- og mangfoldsdirektoratet, IMDI, slik at vi kan bidra med stønad til lokallag som ønskjer å gjennomføre kurs. Frå Sparebankstiftelsen fekk vi i 2022 kr. 2,1 millionar som skal fordelast over tre år og frå IMDI kr. 175 000,- til kursverksemd for prosjektet i 2022.

Målet for 2022 var å støtte kursverksemd i alle fylka i Norge med til saman 45 kurs, der lagets aktivitet skulle bidra til inkludering og språktraining. I alt 63 kurs fordelt på 8 fylke og 22 lokallag vart gjennomført. I fylka Nordland, Rogaland og Oslo var det ingen innrapporterte prosjektkurs.

*Kursa fordelte seg slik:*

### Agder

- › Sirdal Bygdekvinne­lag – 1 kurs
- › Åmli Bygdekvinne­lag – 1 kurs

### Innlandet

- › Kulturhjerter AS – 2 kurs
- › Vågå Husflidslag – 3 kurs
- › Østre Toten Bygdekvinne­lag – 1 kurs

- › Vang Husflidslag – 1 kurs
- › Nordre Land Bygdekvinne­lag – 2 kurs
- › Stange Husflidslag – 2 kurs
- › Vågå Bygdekvinne­lag – 1 kurs

### Møre og Romsdal

- › Sunndal Mållag – 15 kurs
- › Tingvoll Husflidslag – 3 kurs

### Trøndelag

- › Levanger Husflidsforening – 5 kurs
- › Bjørnørfolket – 6 kurs
- › Sagbruksteateret – 1 kurs
- › Skjelstadmark Bygdekvinne­lag – 1 kurs

### Vestfold og Telemark

- › Rauland Husflidslag – 1 kurs
- › Vestfold Husflidslag – 1 kurs

### Vestland

- › Keipane Kystlag – 1 kurs
- › Tysnes Husflidslag – 1 kurs

### Viken

- › Nittedal og Hakadal Bygdekvinne­lag – 12 kurs

### Troms og Finnmark

- › Nordreisa Husflidslag
- › Tromsø Husflidslag

I tillegg vart det arrangert digitale og fysiske motivasjonsmøte hjå medlemsorganisasjonar og fylkeslag, i alt 33 stader, samt 2 digitale samlingar for erfaringsutveksling.

## KURS I FENGSEL

I 2022 arrangerte Studieforbundet 18 kurs i 5 ulike fengsel. Verksemda ser ikkje lenger ut til å vere prega av pandemi. Frå Stiftelsen UNI mottok vi tilsegn om tilskot på kr. 150 000,-. Frå Kriminalomsorgsdirektoratet fekk vi tilskot på kr. 28 500,-. Overordna mål er å vidareut-

vikle kursverksemd i dei fengsla der det allereie er eit etablert samarbeid, samt å restarte kurs i fengsel der det har stoppa opp av ulike årsaker. I 2022 var det kurs i samarbeid med Eidsberg fengsel, Bredtveit fengsel, Stavanger fengsel, Trondheim fengsel og Trøgstad fengsel. Den planlagde fagdagen for eldsjeler og instruktørar vart ikkje gjennomført 2022, men det er eit mål å få han gjennomført i 2023.

## LEDERPROGRAMMET

Lederprogrammet vart arrangert av Studieforbundet i samarbeid med firmaet Fundatum. Programmet gjekk over 3 samlingar, 2 samlingar i 2022 og ei samling i 2023, til saman 38 timar. Samlingane vart halde på Gammel-Kleppe Gardshotell i Vågå, Sentralen i Oslo og Garder kurs- og konferansehotell på Gardermoen. I alt var det 18 deltakarar som er aktive i ein av Studieforbundet sine medlemsorganisasjonar, enten som frivillig eller tilsett, regionalt eller nasjonalt.

*Dei ulike temaa var:*

- › deg sjølv, verdier og identitet
- › nære omgjevningar, roller og relasjonsutvikling
- › makt og påverknad av samfunnet

Programmet var eit tilbod Studieforbundet ønskte å gje for å løfte både nåverande og framtidige leiarar innanfor organisasjonen.



LÆRINGSPRISEN FOR 2023 VART UTDELT TIL NITTEDAL OG HAKADAL BYGDEKVINNELAG UNDER DEN NASJONALE LÆRINGSKONFERANSEN  
FOTO: TORUNN ELISE KVEEN

## FRIVILLIGHETENS ÅR OG 25-ÅRS JUBILEUM

Frivillighetens år 2022 vart feira av frivillige, medlemmar, organisasjonar, kommunar, næringsliv og med fleire, både nasjonalt og lokalt. Mange organisasjonar markerte Frivillighetens år med ein eigen Vår dag, der organisasjonen laga eit eige arrangement eller gjorde litt ekstra ut av eit årleg arrangement. Studieforbundet feira Frivillighetens år og 25-års jubileum alt i eitt, og markerte dagen på årsmøtet vårt i mai. Vi ramma inn årsmøtet med feiring, læringsverkstadar i teater, dans og

handverk, og inspirerende foredrag og eminente gjestar frå det politiske landskapet. I 25 år har Studieforbundet kultur og tradisjon (tidlegare Folkekulturforbundet) arbeidd iherdig for læring for alle ved sidan av det formelle utdanningssystemet. Da gjer godt for ein etter kvart vaksen, men enda ung og framstormande, frivillig organisasjon å få honnør, hyllest og gode ord om rolla vår som kunnskapsformidlarar, som samfunnsbyggjarar og som viktige bidragsytarar for vedlikehald av samfunn, som betydeleg part i demokrati-

bygging, og umissande part i forming av det enkelte menneske og styrking av relasjonar og forståing på tvers.

I tillegg til feiring av Vår dag, har vi kvar månad løfta fram ein Månadens frivillig som vi har gjort ekstra stas på. Gjennom nettsider og andre sosiale medium har vi heia fram lokallag, medlemsorganisasjonar eller eldsjeler og gjeve dei litt ekstra merksemd og ei klapp på skuldra for innsats og engasjement for opplæring, inkludering, deltaking og demokratibyggging innafør sine fag.

## Kap. 4

# FORMIDLING/POLITIKK

### MEDLEMSKAP

*Voksenopplæringsforbundet, Vofo*

Vofo er ein paraply- og interesseorganisasjon for studieforbunda i Norge. Studieforbundet er medlem i Vofo og deltek i aktivitetane og nettverket. Marit Jacobsen har vore styremedlem sidan mai 2020. Eli Ulvestad er leiar i valnemnda. Eli Ulvestad, Marit Jacobsen, Kai Roger Vatne, Rita Vistad, Liv Skogstad Mikalsen og Kjærsti Gangsø møtte på årsmøtet 24.05.2022.

### Frivillighet Norge

Frivillighet Norge er ein interesseorganisasjon for alle frivillige organisasjonar i Norge som Studieforbundet er medlem i. Kjærsti Gangsø møtte som representant frå Studieforbundet på årsmøtet 01.06.2021.

### Förbundet Nordisk Vuxenopplysning, FNV

FNV er eit samarbeid mellom studieforbund frå Danmark, Finland, Norge og Sverige. Samarbeidet har to årlege møte, generalsekretærmøte i januar og årsmøte/årskonferanse om hausten. Kjærsti Gangsø møtte på digitalt generalsekretærmøtet 26 januar.



PANELDEBATT PÅ ARENDALSUKA: HVOR BÆREKRAFTIG ER BUNADEN, EGENTLIG? FOTO: TORUNN ELISE KVEEN

Årsmøte/årskonferansen 2022 var arrangert i Helsinki i Finland. Reidunn Lien Horgen, Hanna Sønsteby, Linda Aabo, Torunn Elise Kveen og Kjærsti Gangsø deltok. Kristin Madsen, Senterpartiets studieforbund er styremedlem og Kjærsti Gangsø er varamedlem.\*

### Kulturalliansen

Kulturalliansen er ei samanslutning for frivillige kulturorganisasjonar i Norge som arbeider for å styrke posisjon og rammevilkår i samfunnet for det frivillige kulturfeltet. Studieforbundet er observatørorganisasjon og Kjærsti Gangsø er vald til styremedlem.

### Norsk senter for folkedans og folkemusikk (Nff)

Stiftinga Norsk senter for folkedans og folkemusikk har hovudsete i Trondheim. Det

blir årleg arrangert eit fagleg representantskapsmøte med deltakarar frå folkemusikk-, folkedans- og arkivmiljøa. Møtet vel styre og diskuterer ulike saker for feltet. Kjærsti Gangsø er vald til nestleiar.

### Nettverket «Løfte håndverket»

Norsk håndverksinstitutt har ansvar for nettverket «Løfte håndverket», som organiserer årlege møtestader og seminar. Linda Aabo har deltatt i nettverket på vegne av Studieforbundet.

### Bunad på Unescolista

Norsk institutt for bunad og folkedrakt, Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag, Norsk Folkedraktforum og Studieforbundet har gått saman for å nominere den allmenne og folkelege bunadbruken i Norge til UNESCOs representative

liste over menneskehetens immaterielle kulturarv. Som del av arbeidet er det sett i verk eit stort formidlingsprosjekt om bunad for barn og unge med støtte frå Sparebankstiftelsen DNB. Kjærsti Gangsø deltek i styringsgruppa og Torunn Elise Kveen er med i mediegruppa for prosjektet. Studieforbundet har hatt ansvar for seminaret «Kvifor skal vi ta vare på den norske bunadbruken?» under Arendalsuka. Arbeidet med å levere ein nominasjonssøknad til Kulturdirektoratet har frist 20.01.2023. Kulturdirektoratet skal vurdere søknaden og deretter sende den vidare til Kulturdepartementet som skal fastslå om søknaden skal sendast eller ikkje. Det er den norske stat som fremmar søknaden, ikkje initiativtakarane.

### ARENDALSUKA

På Arendalsuka 2022 arrangerte Studieforbundet paneldebatten *Kor berekraftig er nå eigentleg bunaden?*, i samarbeid med Noregs Ungdomslag, Norges Husflidslag, Norsk institutt for bunad og folkedrakt og Norsk Folkedraktforum. Innan utgangen av 2022 vil EU at alle produkt som blir selde i Europa skal merkast med EU sitt miljøavtrykk som ein del av det «grøne skiftet». Dette kan bety slutten for den norske bunaden.

Vi køyrte paneldebatt på Arendalsuka med regionkonsulent Vofo Innlandet, Andres Lopez, som debattleiar, Margrethe Haarr (Sp), Siv Elin

Ånestad frå Fremtiden i våre hender, Jon Tølløfsrud Ulberg frå Husfliden Lillehammer, Jan Kløvstad frå Folkeakademiet og Venstre, Camilla Rassing frå Norsk institutt for bunad og folkedrakt og Ingun Grimstad Klepp som hovudinnleiar. Arrangementet vart gjennomført med støtte frå Sparebankstiftelsen DNB.

Studieforbundet møtte fleire politikarar til samtale: Steinar Bergstøl Andersen, fylkesleiar Agder FrP, Lise Selnes, Utdanningskomiteen for Ap, Statssekretær i Kulturdepartementet Odin A. Bohmann, og Kathy Lie, Familie- og kulturkomiteen for SV. Hovudbodskapen i år var situasjonen for studieforbunda, for privatskulane og arbeidet med nominasjon av den allmenne norske bunadbruken til UNESCOs representative liste for immateriell kulturarv. Frå Studieforbundet deltok Kjærsti Gangsø, Linda Aabo, Kristin Teigen Stasviken og Torunn Elise Kveen, og frå styret Joachim Svendsrød (Frilynt) og Marit Jacobsen (Norges Husflidslag).

### STATSBUDSJETT

Statstilskotet til studieforbunda vart som forventat prisjustert i Statsbudsjettet for 2022. Det er vi svært glade for. At grunntilskotet ikkje blir prisjustert, gjer det likevel krevjande for oss. Vi vil gjerne rose regjeringa som i 2020 og 2021 heldt oppe tilskotet, trass at det var lågare aktivitet i Studieforbunda. Det gjorde

det mogleg for oss å gjeva motivasjonstilskot til regionale og nasjonale samlingar i 2022, som vi meiner har hatt stor innverknad på arbeidet med å få opp att kursverksemda i medlemsmassen vår.

### SKRIFTLIG INNSEL TIL HØYRINGAR

Studieforbundet sendar skriftlege innspel på høyringar i aktuelle saker. Studieforbundet sendte desse innspela i 2022:

- › Kunnskapsdepartementet; Forslag til endringer i friskoleloven januar 2022
- › Innlandet fylkeskommune; Høyringsvar; Strategi for fleksibel høyere utdanning i Innlandet.
- › Familie- og kulturkomiteen, Stortinget; om Statsbudsjettet
- › Utdannings- og forskningskomiteen, Stortinget; om Statsbudsjettet 2023
- › Voksenopplæringsforbundet, intern strategiprosess november 2022
